

Christian Tyssebotn  
Lurevegen 543  
5912 SEIM

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 21/650 - 21/8812

Saksbehandlar:  
Astrid Riise  
astrid.riise@alver.kommune.no

Dato:  
10.02.2021

## **Melding om forureining og forsøpling av grunn - gbnr 155/6 Monstad (Vollom)**

**Tiltak:** Opprydding ved forureining og forsøpling  
**Byggjestad:** Gbnr. 155/6 Monstad  
**Tiltakshavar:** Christian Tyssebotn og Kristine Lilleskare

Alver kommune har den 21.01.2021 motteke ei bekymringsmelding med informasjon om at det etablert to store avfallsfyllingar på eigedommen dykkar, med adresse Lurevegen 543, 5912 Seim. På desse fyllingane blir det meldt om at det står bilar, traktorar, diverse avfallsprodukt og ulike andre reiskapar mm, utan at det blir nemnd spesifikt kva desse er. Det blir rapportert om at desse avfallsfyllingane stadig vert utvida. Det blir og meldt om at det foregår sprenging på eigedommen.

Kommunen reknar bilane på eigedomen dykkar som avfall i henhold til forureiningslova § 27, 1. ledd. Dette gjeld uansett kva for grunn de har til å oppbevare bilane på eigedomen, men sjølv sagt ikkje for eventuelle bilar med godkjente skilt som er i dagleg bruk.

Eitkvart bilvrak som blir hensatt, vil før eller sidan ruste opp, og dei miljøskadelege stoffa vil bli tilført grunnen. Alle bilar som ikkje er miljøsanert inneheld restar av drivstoff, olje, frostvæske, kuldemedier, bremsevæske, batteri, oljefiltre, kvikksølvholdige komponentar m.v. I enkelte tilhøve vil dei skadelege stoffa bli verande på staden og difor kun ha miljøskadeleg effekt i eit begrensa område. I andre tilfelle vil stoffa bli ført vidare i grunnvatn og vassdrag og følgjeleg ha effekter i eit langt større område enn der stoffa opphavelig kjem frå. I kva grad og tempo stoffa tas opp i næringskjeden vil mellom anna avhenge av mengda på bilar, deira alder og grunnforholda. Strengt tatt vil sjølv éin personbil, som lek miljøgifter, føre til reell forureining eller til fare for forureining.

Når det er fare for forureining, skal den ansvarlege for forureininga sørge for tiltak for å hindre at forureining skjer. Når forureining har oppstått, skal den ansvarlege sørge for å stanse, fjerne eller avgrense forureininga, jf. forureiningslova § 7.

Det er vidare etter forureiningslova § 28 første ledd eit generelt forbod mot å etterlate eller oppbevare avfall slik at det kan «virke skjemmende eller være til fare eller ulempe for miljøet».

Føresegna gjeld og forsøpling på eigen eideom. Etter føresegna i § 28 tredje ledd stillast det krav til forureina ren om å rydda opp.

Alver kommune er forureiningsmynde jf. forureiningslova § 48, og har plikt til å undersøke meldingar som kjem inn til kommunen. Vi ber difor om ei tilbakemelding om:

- tilhøva på staden
- plan for vidare skadebegrensande tiltak basert på omfanget av forureininga og effekten av iverksatte tiltak

**Frist for tilbakemelding vert sett til 15.03.2021.**

Dersom de meiner at opplysningane våre ikkje er rette, eller at det fins andre grunnar til at de ikkje har plikt til å rydde opp, ber vi om at de tek kontakt med oss snarast mogleg og seinast innan fristen som er sett for utbetring av tilhøvet.

Skriftleg tilbakemelding sendast til:

- post@alver.kommune.no eller
- Alver kommune, postboks 4, 5906 Frekhaug.

**Aktuelt regelverk:**

- Kommunens tilsynsplikt følgjer av forureiningslova § 48
- Plikt til å unngå forureining følgjer av forureiningslova § 7.
- Kommunen kan gje pålegg om retting og fastsetje tvangsmulkt med heimel i forureiningslova kapittel 9.
- Definisjon av avfall følgjer av forureiningslova § 27
- Forbod mot forsøpling følgjer av forureiningslova § 28.
- Pålegg om opprydding eller dekning av kostnader til andre ved opprydding følgjer av forureiningslova § 37 1.ledd.

Spørsmål i saka kan rettast til sakshandsamar på telefon 5637 5000 eller på e-post.

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Astrid Riise  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Christian Tyssebotn	Lurevegen 543	5912	SEIM
Kristine Litleskare	Lurevegen 543	5912	SEIM